

# *Vaskehuset i Klesvika*

- ei falleferdig rønne med potensiale



## ***Historikk og status i dag***

Vaskehuset i Klesvika hørte til lensmannsgarden Solhaug. Det består av eitt rom med murt teglsteinsovn, og eit loft over. Det er seinare bygd til ei skykkje til lagringsplass for båtar.

Retten til å vaska klede i Klesvika ein gamal rett, sannsynlegvis opprinnleg knytt til prestegarden, men seinare lagt til lensmannsbruket.

Bygningen som står der i dag er ikkje så gamal, kanskje bygd på 1920-30-talet. Den har likevel stor kulturminneverdi av di det sannsynlegvis er det einaste i sitt slag i kommunen, og fordi den er med og dokumenterer historia prestegarden og lensmannsgarden.

Klesvika er i dag offentleg friluftsområde eigd av Radøy kommune. Kommunen fekk denne eigedomen då ein kjøpte Raunholmskogen og regulerte dette til bustadområde ein gong på 1980-talet.

Vaskehuset i Klesvika er i ferd med å detta saman, og utgjer ein fare for dei som brukar området slik det står i dag. Bygget bør difor setjast i stand og takast i bruk.

## ***Idé***

Radøy ungdomsklubb ynskjer eit lokale der dei kan oppbevare kanoar, kajakkar, redningsvestar m.m. Bygget i Klesvika har ei føremålstenleg plassering i høve til dette formålet. Det er gangavstand til ungdomsklubben, ungdomsskulen og Manger senter, og området er tilbaketrekt i høve til busetjinga i Raunholmskogen. Området rundt bygget har potensiale til å verta eit flott friluftsområde med badeplass til glede for langt fleire enn ungdomsklubben med litt rydding av kratt.

## ***Gjennomføring og finansiering***

Radøy kommune skriv ein leigeavtale med ungdomsklubben. Leige av bygget skal vera gratis mot at ungdomsklubben set huset i stand og tek vare på det i leigeperioden.

Ungdomsklubben forsøker å få reist bygget mest mogleg på dugnad. Ungdomsklubben og ungdomsskulen tar på seg å rydda området i Klesvika, slik at det igjen framstår som tilgjengeleg for folk flest. Området kan seinare utviklast ved å setja opp gapahuk og bål plass.

Omtrent heile huset må rivast ned, men grunnmuren kan nyttast og truleg kan også ein del av pannene på taket brukast vidare. Materialkostnader er av arkitekt ved kulturverntenesta i Nordhordland stipulert til kring 100.000. Erfaringar viser at lokale verksemder gjerne gjev gode prisar på slike tiltak i frivillig regi. Kostnadene til material kan difor verta lågare.

Ungdomsklubben søker midlar eksternt til å få sett opp att huset. Mesteparten av arbeidet vil verta gjort på dugnad.

Ungdomsklubben vil etter at huset er reist, søkja midlar til innkjøp av utstyr.

### ***Kva me oppnår?***

- Ungdomsklubben får eit bygg der dei kan lagra utstyr knytt til vassaktivitetar og kan dermed kjøpa inn eige utstyr.
- Nytt tilbod i Radøy kommune
- Fleire ungdomar i aktivitet.
- Auka bruk av naturen